



## Saneringsnytt nr 2 2004

Jordbruksforhandlingane er avslutta og slåtten står for døra, ja, nokon er alt komne i gang. Vi var spente på korleis viljen til oppfølging av prosjektet vårt var blant forhandlingspartane. Det var svært godt nytt å høyre frå den kanten. Det vart løyvd 8 millionar kroner til sanering for 2005. Det betyr at det blir mange fleire som kan gå i gang til neste år. I år er det 7 produsentar utanfor prosjektet som har skifta ut eller er i ferd med å skifte ut buskapen sin med friske dyr.

### Opplysningar på internett

Som ei fylgje av at stadig fleire vil sanere, er det aukande ynskje om å få kjøpe friske geiter. Hittil har prosjektleiaren formidla så godt som råd er. Vi må få til ei enklare ordning etter kvart. Ei løysing er å laga ei liste over seljarar og leggja den på internett. Men då er vi avhengige av ei godkjenning frå dykk. Dersom de vil ha namnet og telefonnummeret dykkar på internett, må de gje beskjed til meg. De må også opplyse om kjeingstidspunkt og når de må selja kje på grunn av plassmangel. Dersom de kan ha dei til dei er drektige, må det også opplysast.

### Oppal av kje

Når de skal selja kje er det ekstra viktig å fylgja reglane for smitteførebygging ved oppal av kje. Dersom de ser på tabellen til høgre, kan de sjå at sjølv om det ikkje blir påvist CAE-antistoff i prøvene fyrste året, kan det dukke opp seinare. Difor må de stadig hugse på at det kan vera ei geit som har virus. Difor må kjea takast frå så snøgt de kan, og alast opp i eigne bingar også dei næraste åra. Dersom de gjer det, er det også mykje lettare for oss å gå god for at dette er så friske dyr som det er råd å få til akkurat no, og at dei også kan seljast til andre som vil sanere.

### Areal

Dette kan bli eit problem når ein skal setja på mange dyr til sal. Det er ofte ikkje meir plass enn det ein treng sjølv til påsett. Skal ein selje dyr, må ein seie tydeleg frå om når kjea må ut, slik at ein ikkje risikerer nye sjukdomsproblem på grunn av dårleg luft og for stort dyretal.

### Resultat

Det er stadig positive ting å melda når det gjeld sjukdomsnedkjemping. Talet på CAE-negative dyr aukar.

Byllesjuke er ikkje oppdaga i dei buskapane som har kvitta seg med den, og no er vi i gang med å teste for paratuberkulose på ein annan måte enn før. Det gjer at vi kan sjå lysare også på å nedkjempe den sjukdommen. Den nye paratuberkulose-testen er ei blodprøve som vi kan ta når dyret er berre 3 månader gammalt. Den ser ut til å vera svært god på geit. Dersom den held det den lovar, kan vi såleis plukke ut smitta dyr svært tidleg og på den måten unngå at det veks opp smitteberarar i flokken. Etter nokre år bør ein då ha utrydda sjukdommen i den

Buskap	2001	2002	2003	2004
1	0,0	0,0	0,0	0,0
2	0,0	0,0	0,0	0,0
3	0,0	0,0	0,0	0,0
4	0,0	1,2	0,0	0,0
5	2,8	0,0	0,0	0,0
6	5,0	0,0	0,0	0,0
7		0,0	0,0	0,0
8		0,0	0,0	1,6
9		0,0	1,3	0,0
10		0,0	1,5	2,2
11		1,0	0,0	0,0
12		1,0	1,0	0,0
13		1,0	0,5	0,6
14		2,7	0,0	0,0
15		5,5	1,4	0,0
16			0,5	0,0
17			2,2	0,0
18			4,0	0,7
19				0,0
20				0,0
21				0,0
22				
	1,30	0,83	0,69	0,24

0 %  
 0-1%  
 over 1%  
 Under 5 mnd gamle kje  
 Ikkje starta med sanering

Prosent CAE-positive dyr pr sanert besetning pr år.

**Etter sanering.**  
**Tal for 2004 vil endre seg.**

flokken som sanerer. Dette må sjølvsagt kombinerast med miljøtiltak slik som de er kjent med ved sanering for CAE, og det må altså til ei sanering fyrst, på same måte som den vi kjenner til.

Vi har kome i gang med å teste ein del buskar som var negative på tankmjølk. Dei to siste som fekk svar bur i ytre Sogn og i Nord-Troms, ingen av dei hadde noko dyr med CAE-antistoff. Så det er ting å glede seg over sjølv om det er mykje sjukdom mange stader.

### **Hovudoppgåve om geit**

Elisabeth Vårlid kjenner nokre av dykk. Ho var student i fjor og reiste rundt for å vega geiter i Sogn, Sunnmøre og i Nord-Noreg. No er oppgåva hennar ferdig, og den vart svært interessant. Hovudkonklusjonane var at:

- Det var ein større auke i mjølkeproduksjon i sanerte enn i ikkje-sanerte buskar.
- Det totale tørrstoffinnhaldet var høgare
- Geiter i sanerte buskar hadde høgare vekt
- Celletalet i sanerte buskar var lågare
- Dødeligheit på kje på landbrukshøgskolen gjekk ned frå 6,3% før sanering til 1,1% etter sanering

Heile oppgåva vil bli tilgjengeleg på internett.

Fylg med på sidene til helsetjenesten for geit: <http://leine.no/htg>

### **Semin – avl, flytting oppstalling av bukkar**

Det vil koma eit brev frå Ingunn Nævdal om oppstalling av bukkar og om tilbod om meir semin. Det skal her berre nemnast at bukkar som kjem inn i ein ny buskap, anten det er ein frisk buskap eller ikkje, må haldast isolert frå geitene så mykje som råd. Helst bør den stå i eige rom og den må ikkje brukast til testing av brunst. Men det er altså opning for å ta inn bukkar, og oppstillinga vil bli fylgt opp av buskapsveterinæren etter kvart.

Det vil bli teke blodprøve for testing av CAE av bukken ei tid etter at den er komen inn i buskapen.

Til slutt står det att å ynskje dykk alle ein god sommar! De gjer ein svært god og viktig jobb. Og no ser vi resultatet, både med meir pengar til sanering og ei stor og aukande interesse for arbeidet som de var med på å dra i gang.

Vang, 16. juni 2004

Beste helsing Nils